

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Skav

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr. 7.

Herad: Bjerkreim

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Skjeveland

Gard:

(adresse): Vikera

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav.

1. Kyr som fekk mykje skav vart berre i hald enn dei som levde på rüste (sjellhøy) og vatn, for i eldre tid fekk dei lite og ikkje vallhøy og kraftfor. Det er difor rimelig at kyr som fekk skav, vart dyrare ved sal. Prisen på slike dyr var nok individuelt.

2-3. Me vit berre at kyr som fekk mykje skav, serleg råneskav, gav feit mjølk. Det kan godt tenkjast at ho vart for sterk for ung dyr, men me har ikkje høyrst gjete dette.

4. I grunnen skov dei når dei fekk tid, rundt rekna kvar dag halve vinteren, Lunde skov meir, andre mindre. Dei skulle dagleg skava så mykje at kyrne fekk sitt måltid med berre skav om dagen.

5. Jørgen brukte skav til skava med. Dei hadde berre ein avbrøkt gjå med ~~ti~~ ei sekkefilla kring høet til halda i.

6. Skavgjæen stødde dei mot sengekant eller ein staur dei sette opp i stova. Dette vart kalla skavhædd. Dei brukte ikkje dette til

noko anna.

7. Folk som ikkje hadde skov-ved, kjøpte skovved av andre. Dei kjøpte ikkje skog-teigar, men skov-ved i lassevis. Kring året 1900 var prisen for eit sledelass, så mykje dei kunne lesa på, 2 kr.

10. Husmennene hadde nok ikkje rett til skov, men som regel fekk dei lov av eigareren til ta seg nokre lass.

8-9; 11-12. Dette kjenner me ikkje noko til.
